



Arkivnr: 2015/11453-147
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		28.09.2018

Strategiplan for Fagskolen i Hordaland 2018 – 2023 og fagområdeakkreditering

Samandrag

Fagskolen i Hordaland arbeider etter tidlegare signal frå styret med å søkje om fagområdeakkreditering innan bygg og elektro, med søknadsfrist 1. november 2018. Med ei fagområdeakkreditering vil fagskolen sjølv ha moglegheit til å utvikle og opprette nye utdanningar, studiestader, og gjere vesentlege endringar i eksisterande utdanningar innan fagområdet. I samband med dette arbeidet har fagskolen utarbeidd ein ny strategiplan for Fagskolen i Hordaland. Førre strategi for fagskulane i Hordaland var gjeldande fram til 2010, og denne planen er no revidert og fornya i tråd med dagens situasjon og utviklingsmoglegheiter.

Forslag til vedtak

1. Fagskolen i Hordaland skal søkje NOKUT om akkreditering av fagområda bygg og elektro innan fristen 1. november 2018.
2. Strategiplan; «Fagskolen som regional utviklingsaktør – revidert strategiplan for Fagskolen i Hordaland 2018 – 2023» vert vedteken slik det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Strategiplan for Fagskolen i Hordaland 2018 - 2023

Fylkesrådmannen, 13.09.2018

Fagskolen i Hordaland arbeider etter tidlegare signal frå styret med å søkje om fagområdeakkreditering innan bygg og elektro, med søknadsfrist 1. november 2018. Med ei fagområdeakkreditering vil fagskolen sjølv ha moglegheit til å utvikle og opprette nye utdanningar, studiestader, og gjere vesentlege endringar i eksisterande utdanningar innan fagområdet. For å kunne få ei slik godkjenning hjå NOKUT må skulen mellom anna dokumentere:

- eit kvalitetssystem som har vore godkjent av NOKUT i minimum eitt år, med dokumentasjon tre år tilbake i tid i høve til bruk og utvikling av systemet og kvalitetsarbeidet
- godkjent forskrift om opptak, eksamen og disiplinære sanksjonar
- ein strategi som syner grunnlaget for stabil drift minst fem år fram i tid
- ulike rutinar; som mellom anna rutine for å utvikle nye utdanningar

I samband med dette arbeidet har fagskulen utarbeidd ein ny strategiplan for Fagskolen i Hordaland. Førre strategi for fagskulane i Hordaland var gjeldande fram til 2010, og denne planen er no revidert og fornya i tråd med dagens situasjon og utviklingsmoglegheiter.

Strategi; «Fagskolen som regional utviklingsaktør – revidert strategiplan for Fagskolen i Hordaland 2018 – 2023» ligg som vedlegg til saka.